



DEN NORSKE KYRKJA

Soknepresten i Surnadal

Postboks 19
6656 SURNADAL
Tlf: 71657060
Faks: 71657061

Kyrkjekontoret i Surnadal 31.01.2017

Vår sakshandsamar: V.R

Vår ref.: 16/00002-002

Arkivkode: 332

Til konfirmantar med føresette

Viktig informasjon våren 2017

Om oppmøte og gudstenestedtaking

Frammøte på undervisning og gudstenester har i år vært godt. Vi vonar at føresette hjelper konfirmanten med å få delteke på det naudsynte talet gudstenester vi har lagt opp til. Soknepresten sit med fullstendig oversikt og vil informere dei som evt. har eit etterslep å ta igjen. Minner om at konfirmanten sjølv kan sjonglere mellom dei ulike undervisningsdagane, men dersom konfirmanten er forhindra frå å møte til fleire undervisningsdagar på rad er det foreldre og føresette som må gi beskjed ved slikt fråvær.

Roadservice

Den 11. Februar får vi som tidlegare annonsert besøk frå ”roadservice”. Dei har laga eit opplegg som vi vonar konfirmantane vil ha stor glede av. Konfirmantane samlast i kantina på Surnadal ungdomsskule kl. 17.00. Oppmøte er obligatorisk.

Fasteaksjonen 2017

I år som tidlegare skal konfirmantane delta på Kirkens nødhjelps fasteaksjon. Fredag **31. mars**, inviteras konfirmantar og føresette til orientering om kva som er fokus for fasteaksjonen i år. Denne samlinga blir i kantina på Surnadal vidaregåande skule kl.18.00.

Sjølve aksjonen går av stabelen tysdag **04. april** kl. **17.00**. Konfirmantane møter opp på avtalt sted (info om dette får de fredagen på informasjonsmøtet).

Om nokon er forhindra i å koma fredagen, må dei sjølve hente informasjon om oppmøtestad. Vi er avhengige av at foreldre/ føresette stiller med skyss på aksjonsdagen den 04. april.

Samtalegudsteneste

Torsdag **27. april** klokka **18.00** skal konfirmantane saman med dei tilsette halde samtalegudsteneste i Øye kyrkje. Denne gudstenesta erstattar den gamle overhøyringa, og medverknad på denne er derfor ein føresetnad for konfirmasjon for den einskilde. Alle konfirmantar vil derfor få oppgåver og må vere til stades på denne



DEN NORSKE KYRKJA

Soknepresten i Surnadal

gudstenesta. Førebuingar og planlegging av dette er knytt opp til undervisninga. Det er veldig hyggeleg om slekt og vener vil fylgje konfirmanten "sin" 27. april. Etter denne gudstenesta inviterer sokneråda til felles konfirmantfest i kantina på Surnadal ungdomsskule.

Fotografering

Fotografering av konfirmantane skjer i samanheng med de forberedande øvingane til konfirmasjonsgudstenestene. Disse øvingane er lagt til tysdag ettermiddag i forkant av konfirmasjonsdagen, i år faller disse dagane på 02.05 (Øye), 09.05 (Ranes) og 23.05 (Mo). Tidspunktet for fotografering er kl. 17.00 alle dagane. Konfirmantane stiller kledd i det antrekket som skal nyttast konfirmasjonsdagen, og det vil bli tatt bildar både med og utan konfirmantkappe.

Konfirmasjonsgudstenestene

Vedlagt dette brevet følgjer ein oversikt over årets konfirmantar fordelt på dei ulike konfirmasjonsgudstenestene. Gudstenestene er som tidlegare kunngjort lagt til disse datoane:

Øye kyrkje	07. Mai	kl. 11.00
Ranes kyrkje	14. Mai	kl. 10.30 og 12.30
Mo kyrkje	25. Mai	kl. 11.00

Når det gjeld konfirmantane i Raness har vi forsøkt å tilpasse oss alle dei ynskjer i forhold til tidspunkt som til nå er meldt. Dersom det er nokon som fortsatt ynskjer å bytte tid, ber vi om at de tar kontakt med kyrkjekontoret snarast.

Med venleg helsing

Vidar W. Rygh, Sokneprest

Lene Wilhelmsen, sekretær